

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 21.03.2025

Vår ref.: 202406330-9 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Energeia AS – Ålamoen agrivoltiske solkraftverk - Høyring av melding og forslag til utgreiingsprogram

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har fått melding og forslag til utgreiingsprogram fra Energeia Ålamoen AS for Ålamoen agrivoltiske solkraftverk i Hjartdal kommune, Telemark fylke.

Frist for å sende høyringsfråsegn er 02.05.2025.

Meldinga

Meldinga er eit tidleg varsel om planlegging av eit bakkemontert solkraftverk. Ålamoen agrivoltiske solkraftverk (Ålamoen solkraftverk) er planlagt med ein installert effekt på 103 MWp. Planområdet for Ålamoen solkraftverk er på ca. 1502 daa. Meldinga inneholder ei beskriving av prosjektet og eit forslag til kva som skal greiast ut før det blir søkt konsesjon etter energilova. Tiltaket meldes med alternative nettilknytingsløysningar.

Tiltakshavar i saken er Energeia Ålamoen AS (Energeia)

Meldinga inneholder og tidleg varsling av nydyrkning av rundt 1 500 daa. Dette er i dag i hovudsak eit skogsområde, og det blir planlagt å endre til landbruksproduksjon i form av forproduksjon og/eller innmarksbeite. I denne saka er Hjartdal kommune avgjerdssstyresmakt. Når nydyrkningstiltaket påverkar eit område større enn 50 dekar krev forskrift om konsekvensutgreiing §8.b. at tiltaket skal konsekvensutgjæst. NVE og Søndre Land kommune vil samordne behandling av saka.

Høyringsfråsegn

Gjennom høyring av meldinga ønsker NVE først og fremst innspel til:

- manglar i den førebelse konsekvensbeskrivinga i meldinga
- innhold i utgreiingsprogrammet
- tema som manglar, spesielle lokale omsyn og innspel til metodar som bør nyttast i utgreiinga

NVE ber alle om å setje seg inn i Energeia sitt forslag til utgreiingsprogram. Det er ikkje naudsynt å føreslå innhold til utgreiingsprogrammet som allereie er dekt i det forslaget de kan finne i meldinga.



Etter høyringa vil NVE fastsetje eit utgreiingsprogram som beskriv dei utgreiingane Energeia må gjennomføre før dei kan søkje om konsesjon. Dersom Energeia utarbeider ei konsekvensutgreiing, kan dei søkje om konsesjon for tiltaket etter energilova § 3-1. NVE vil då gjennomføre ei ny høyring og arrangere synfaring og møter i samband med søknaden. Det er først i denne fasen at det skal bli tatt stilling til om tiltaket skal få konsesjon eller ikkje. NVE skal då vurdere om avgjerdsgrunnlaget i saka er godt nok.

Når NVE tek søknaden og konsekvensutgreiinga til behandling vil vi gjennomføre ei ny brei høyring og det vil bli både synfaring og møte med kommunale og regionale styresmakter og folkemøte i saka.

Meldinga med utkast til utgreiingsprogram er tilgjengeleg på NVEs nettstad for denne konkrete saka: www.nve.no/19307/A

NVE vil kunngjere høyringa av meldinga i aktuelle aviser.

Eventuelle merknader til meldinga og forslag til kva som bør greiast ut for Ålamoen solkraftverk kan sendast via nettstaden til saka, til e-post nve@nve.no (merk med «Høyringsfråsegn 202406330» og oppgi namn/organisasjonsnummer), eller via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 Oslo.

Frist for å sende høyringsfråsegn er sett til 02.05.2025.

Informasjon til kommunen

Vi ber om at kommunen legg saka ut til offentleg ettersyn. Vi ber vidare kommunen å leggje meldinga ut på internetsidene sine og ev. facebook-sider, og å orientere aktuelle utegløymde lokale velforeiningar, idrettslag, interesseorganisasjonar m.fl. om meldinga.

Informasjon til tiltakshavar

NVE pålegg hermed Energeia om å snarast vidaresende dette høyringsbrevet til naboar, tverrbuarar og eventuelt andre som ikkje er oppførte som mottakar av dette høyringsbrevet. Med naboar meiner vi eigedom som har felles grense til tomta som skal byggjast ut. Med tverrbuar meiner vi eigedom der veg, gate, elv eller liknande skil utbyggingsarealet frå ein ramma eigedom. NVE skal ha stadfesting på at utsendinga til naboar og tverrbuarar er gjennomført.

Vi gjer merksame på at utgiftene ved kunngjering i samband med høyringa skal dekkast av tiltakshavar.

Med helsing

Brynhild Resell
seniorrådgivar

Kim Robin Holm
seniorrådgivar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

**Mottakarliste:**

Notodden og Hjartdal Turlag
Fortidsminneforeningen i Telemark
Forum for natur og friluftsliv Telemark - Eirik Knive
Natur og ungdom Telemark - Brage Bøe Ulstein
Hjartdal og Notodden Bonde- og Småbrukarlag - Helle Kaufmann Gjerde
Norges Bonde- og Småbrukarlag Telemark - Sveinung Kjellemo
Norsk Bonde- og Småbrukarlag Telemark
Hjartdal Bondelag - Olav Våle
NJFF Telemark
Naturvernforbundet Øst-Telemark
Hjartdal skogeierlag - Youness Berget
Hjartdal idrettslag - Ole Jonny Flatland
Hjartdal Historielag
Sauland Idrettslag
Sauland Pensionistlag - Geir Johannes Hagen
Sauland Ungdomslag
Naturvernforbundet i Telemark
Sauland Skyttarlag
Notodden JEger og fiskeforening - Ole Henning Skogen
STATENS VEGVESEN
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
STATNETT SF
Meteorologisk institutt
FORNYBAR NORGE
NORGES NATURVERNFORBUND
Forsvarsbygg
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)
Norges Miljøvernforbund
Energidepartementet
Nasjonal kommunikasjonsmyndighet
Birdlife Norge
Luftfartstilsynet
Norskog
LEDE AS
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
AVINOR AS
Mattilsynet
NHO Reiseliv
Zero Emission Resource Organisation AS
Hjartdal kommune
Norges Skogeierforbund
Norsk solenergiforening
Telemark Bondelag
Landbruksdirektoratet



Norsk Luftambulanse AS
Norges Televisjon AS
Norsk Friluftsliv
NORGES LUFTSPORTFORBUND
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK
OFFSHORE NORGE AS
DNT Telemark
TELEMARK FYLKESKOMMUNE
NHO LUFTFART

Kopimottakarliste:

ENERGEIA AS